

Norges KFUK-KFUM-speidere Haugaland krets Kretsting 2016



KFUK-KFUM
speiderne



Etnespeidarar på Nomesstrand, Telemarkskanalen, juni 2015
Foto: Atle Aas

Kretsting 2016

Brandøy leirstad, søndag 7. februar 2016 kl. 10.00

Saksliste

- 1 **Konstituering**
 - Opprop
 - Godkjenning av innkalling og saksliste
Framlegg til vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjent
 - Val av ordstyrer
 - Val av referent og tellekorps
 - Val av protokollunderskrivere

- 2 **Årsmelding 2015**

- 3 **Regnskap 2015**

- 4 **Strategi- og handlingsplan 2016 - 17**

- 5 **Budsjett 2016**

- 6 **Eventuelle innkomne saker/andre saker**
- 6.1 Retningslinjer for reisestøtte for grupper til Blikshavnleir

- 7 **Val**
 - 3 styremedlemmer for to år
 - 3 varamedlemmer for eitt år
 - 2 revisorar
 - 2 valkomitemedlemmer for to år
 - 1 valkomitemedlem for eitt år

- 8 **Orienteringssaker**
 - Blikshavnleiren 2016
 - Orientering om aktuelle kurs og leirar for eldre speidarar og leiarar
 - Kretsleir 2016

Vedlegg:

Inspirasjonsfond

Fond for reiser til speiderarrangement i utlandet

Organisasjonsbestemmelser

Sak 2: Årsmelding 2015

Tida flyr og eitt år er gått sidan sist kretsting. Nå skal me ta oss litt tid til å sjå litt tilbake på kva me har gjort i året som gjekk.

Me vil først og fremst takka alle leiarar for den innsatsen dei har gjort på gruppe- og kretsplan dette året. Unge og gamle. Nye og erfarne. Nokre har nett blitt leiarar og andre har vore med sidan KFUK gjekk i skjørt og KFUM i shorts og knestrømper. Utan dykk hadde me ikkje vore den kretsen me er i dag. Tusen takk for alt de har gjort i gruppene rundt om i kretsen og i Norges KFUK-KFUM-speidarar.

Blikshavn var det største arrangementet vårt i 2015, med 338 deltakarar og 165 leiarar, i alt 503 personar. Tusen takk til hovudkomiteen som gjorde ein strålande jobb. Fleire av gruppene hadde med seg fleire medleiarar i rover- og patruljeføraralder. Dette er ein god anledning til leiartrening for unge leiarar. La dette vera ei oppfordring til andre grupper med leiarar som er klare for meir ansvar.

Patruljeførarkursa går som aldri før! Både vår- og haustkurset hadde nesten 50 deltakarar. Gruppene utnyttar PF-kursa godt. Kursa har funger bra, med fornøyde og slitne speidarar på søndagen. Dette kan me takka kursstaben vår for. Kursstaben er ein gjeng roverar og leiarar som har vore med på tidlegare kurs og har god erfaring i å halda patruljeførarkurs. Gruppene kan gjerne oppfordre fleire roverar til å vere veilederar og leiarar.

Kretsting vart halde i Norheim kyrkje 8. februar med 34 personar til stades. Her vart valt ny kretsleiar og visekretsleiar. Sidan Annhild (Kretsleiar) var i London i vår, fungerte Atle som kretsleiar fram til sommaren.

Kretsstyret har hatt 9 møte og behandla 79 saker. Gjennomføring av arrangement og oppnemning av kretsleirkomiteé har vore viktige saker.

Kretsen hadde fem delegatar til landstinget i Bergen i april. Her var ny speiderlov den viktigaste saken, og utfallet på landsting var nokså nært det årsmøtet vårt hadde gått inn for. Sindre Nesse, Kopervik, vart valt inn i landstyret. Gunnvor Meling frå Haugesund, held fram som viselandssjef.

Eit nytt og spennande prosjekt i kretsregi har vore leiarprosjektet "Lederoppgaver – rotasjon, kontinuitet og rekruttering. Kven skal bære ved til bålet?" Prosjektgruppa hadde tre møte før første samling i juni. Her kom 31 deltakarar frå 11 grupper. I oktober var det 16 deltakarar frå seks grupper. Tilbakemeldingane frå deltakarane har vore gode, og årsmøte 2016 må ta stilling til eventuell vidareføring.

Tidleg i november var det leiarsamling på Nordvegen Historiesenter.

Speidarane på Bokn inviterte også dette året til "Kampen om Vikingskipet". Kretsstyret vil takke for dette engasjementet, som er eit godt supplement til kretsens egne aktivitetar.

To patruljer frå kretsen var med i KM i speiding på Lier i Sveio og på NM på Jæren. KM blir arrangert av NSF-kretsen.

Medlemsutviklinga i kretsen er positiv. I skrivande stund ser det ut til at har gått fram om lag 70 medlemmar. I året etter ein landsleir er dette positivt, fordi mange grupper ofte mister

medlemmar etter ein landsleir. Samstundes er det usikre tal i år, fordi medlemsregistreringa er under omegging.

Informasjon skjer gjennom facebook og via e-post. Kretsstyret har fått pris på å lage nytt grunnlag for heimesider, men fann dette for dyrt. Saka blir tatt opp på årsmøtet.

Kretsen har sekretær i 20 % stilling. Birte Barane held trådane og er uvurderlig bindeledd mellom kretsstyret og arrangementskomitear, i tillegg til å vere sekretær for kretsstyret.

Kretsen har framleis god økonomi. Takk til kretskasserar Øyvind Apeland som fører rekneskapa på ein god måte.

Også i 2015 har mange, mange barn og unge fått opplevingar og møte med kvarandre, med vaksne og med Guds ord gjennom arbeidet i Haugaland Krets av Norges KFUK-KFUM-speidere. Dette skjer fordi mange leiarar har gjort som Jesus gjorde ein dag i Galilea: Han gjekk ut av huset og sette seg nede ved sjøen og underviste:

Same dagen gjekk Jesus ut og sette seg nede ved sjøen. 2 Då samla det seg så mykje folk omkring han at han gjekk ut i ein båt og sat der, medan alt folket stod på stranda. 3 Så tala han til dei i mange likningar og sa:

"Ein såmann gjekk ut for å så..."

Lat oss halde fram med såmannsarbeidet i Haugaland krets.

Haugesund januar 2016

Annhild Mortveit
Kretsleiar

Atle Aas
vissekretsleiar

Amalie Lepsøy Hansen, Liv Tryti, (John Magne Gabrielsen, Sigurd Hellesvik), Judit Vikingstad,
Hans Jørgen Hjemdal
Styremedlemmar

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent.

Vedlegg til årsmelding 2015:

- 2.1 Kretsstyret
- 2.2 Arrangement
- 2.3 Årsmelding frå roverane
- 2.4 Medlemsutvikling
- 2.5 Heider og ære
- 2.6 Leiarar og instruktørar på kurs
- 2.7 Evaluering strategi og handlingsplan

Vedlegg 2.1 Kretsstyret

Kretsleiar	Annhild Mortveit	I utlandet til 20 juni	Valt for to år i 2015
Visekretsleiar	Atle Aas	Fungerte som kretsleiar medan Annhild var i utlandet	Valt for to år i 2015
Medlem	Sigurd Hellesvik	Flytta sommaren 2015	Valt for to år i 2014
Medlem	John Magne Gabrielsen	Flytta sommaren 2015	Valt for to år i 2014
Medlem	Liv Tryti		Valt for to år i 2014
Medlem	Amalie Lepsøy Hansen		Valt for to år i 2015
Varamedlem	Judit Vikingstad	Møtt for Annhild Mortveit og Sigurd Hellesvik	
Varamedlem	Hans Jørgen Hjemdal	Møtt for John Gabrielsen	
Varamedlem	Erlend Endresen		
Roverkontakt	Kaja Marie Leversund Gunvor Ådnøy Eriksen		Til sommaren 2015 Frå sommaren 2015

Vedlegg 2.2 Arrangement:

Kretsting 2015

Kretstinget for 2015 vart arrangert i Norheim kirke søndag 8. februar 2015.

Der møtte 31 delegatar, samt 2 representantar frå Rogaland Krets og Kretssekretær Birte Barane utan røysterett.

PF-kurs oppdrag Nord 13.-15 mars 2015, Fredtun leirstad i Skudeneshamn.
51 deltakarar.

Hovedleiarar: Ellen Marie Andresen, Skjold

Medleiarar og vegleiarar var: Vebjørn Thorsen, Sveinung Storesund, Kaja Marie Leversund (delvis), Erlend Lofthus, Even Johansen, alle Førre, Ørjan Sjørdal, Haugesund 1. Amalie Lepsøy Hansen, Leirvik, Agnes Andersen, Skjold, Kristoffer

Hustoft Nesheim, Skjold, Marita Furdal Andersen, 15. Haugesund, Henrik Sebastian Hetland, 15. Haugesund, Kristian Stensland, 15. Haugesund, Jeanett Bøe,

PF-kurs oppdrag Sør 25.-27. september 2015 på Fjellgardane på Stord
50 deltakarar.

Hovedleiar: Ellen Marie Andersen, Skjold, Annhild Mortveit, Skjold, Amalie Lepsøy Hansen, Leirvik, Vebjørn Thorsen, Førre, Sveinung Storesund, Førre

Medleiarar og veileiarar var: Ørjan Sjørdal (Haugesund 1.) Erlend Lofthus, Førre, Henrik Sebastian Hetland, 15. Haugesund, Hans Jørgen Hjemdal, Gard Bauge Pedersen, Elida Øyjord Rødne – Etne, Helene Stokke, Torvastad.

Blikshavnleiren 2015:

Blikshavnleiren var 30.-31. mai 2015.

338 deltakarar og 165 leiarar, i alt 503 personar

Leirsjef: Kjersti Melvær, Kopervik

Hovedkomiteen besto av: Kopervik, Vats og Vea

Leiarsamling:

Leiarsamlinga var fredag 6. november 2015 på Nordvegen Historiesenter, Avaldsnes
37 deltakarar.

Linn Iren Vea og Ingeborg Holm Hausken, Torvastad fortalde frå jentetur til London.

Annhild Mortveit, Skjold fortalde frå Jambore i Japan.

Orienteringssaker for kretsen

Mette Kristine Breiteig orienterte kring kretsleir 2016.

2.3 Årsmelding for Rover Haugaland 2015. Ombudet høsten 2015:

Etter Roverkretssamling før sommeren med grilling og sosialt, blei det bestemt at ombudet skulle bestå av:

Ombudsleder, roverkontakt: Gunvor Ådnøy Eriksen (Rossabø 1)

Erlend Endresen (Kopervik), Kristian Gabrielsen (Kopervik), Marita Andersen (15. Haugesund), Amalie Lepsøy Hansen (Leirvik).

Før ferien ble det arrangert sommeravslutning med grilling og sosialt for alle Haugalands-rovere. Her ble ombudet som står over valgt inn og godkjent av resten av roverne.

Senere på sommeren var det Roverlandsleir, med flere rovere fra Haugaland tilstede, både som deltagere, i band og diverse oppgaver.

Gunvor Ådnøy Eriksen ble sendt på kretskontaktsamling med resten av landes roverkontakter. Her ble det knyttet kontakt med de andre kretsene, formidlet tips og forslag, og spredt ny inspirasjon.

Etter ferien ble første arrangement bålkveld i Kopervik torsdag 19 november. Der ble det grilling av pølser og pinnebrød, steking av kake på bål (nesten vellykket) og mye sosialt. I tillegg ble det valgt inn to nye til ombudet, ettersom noen hadde meldt seg ut.

Det nye roverombudet består nå av:

Ombudsleder, roverkontakt: Gunvor Ådnøy Eriksen (Rossabø 1)

Erlend Endresen (Kopervik), Kristian Gabrielsen (Kopervik), Amalie Lepsøy Hansen (Førre), Tonje Thorstad Kildal (Kopervik), Vebjørn Thorsen (Førre).

Det som har blitt en årlig tradisjon, ballgrøt, ble også i år gjennomført. Den 20. desember møtte mange av roverne opp pent pyntet, og fikk servert grøt med en cashewnøtt (slik går det når butikkene er utsolgt for mandler). På programmet var det taler, sketsj, pakkelek, kahoot og sanglek.

Ombudet har flere planer for 2016, og ønsker å kunne gjennomføre flere kjekke arrangement. Blant annet ser vi for oss å gjennomføre skidag, eller helgetur til Utsikten. Vi håper også på å kunne nå ut til enda flere av roverne i området og få enda flere med oss på arrangementene.

I tillegg kommer helgetur til Brandøy, 5.-7. februar. Med både kjekt program og avslutning og deltagelse på årsmøte for Haugaland Krets.

2.4 Heider og ære

Føljande har fått heidersteikn for 25 år som leiar i året som gjekk:

Leiv Våga, Bokn

Solveig Våga, Bokn

Føljande har fått heidersteikn for 10 år som leiar i året som gjekk;

Torstein Alvestad, Bokn

Tor Harald Alvestad, Bokn

2.5 Føljande har vore leiar/veileiar/ hjelpar på minst tre kurs som kretsen har arrangert

Ellen Marie Andersen, Skjold

Iselin Eidhammer Tveit, Vikebygd

Vebjørn Thorsen, Førre

Sveinung Storesund, Førre

Amalie Lepsøy Hansen, Leirvik

Kaja Marie Leversund, Førre

Ørjan Sørda, Haugesund 1.

Agnes Andresen, Skjold

Erlend Lofthus, Førre

Even Johansen, Førre

2.6 Tildeling frå fond

Fond for utanlandsreise:

Torvastad KFUK kr 5000 kr til to jenter på forbundet sin "Jentetur til London." Jentene rapporterte på leiarsamling i november.

Inspirasjonsfond:

Annhild Mortveit har fått 10 000 kr frå inspirasjonsfondet, til si reise til Japan.

2.7 Evaluering av arbeidsplanen



STRATEGI OG HANDLINGSPLAN 2014-2019



MÅL

2015

2016

EVALUERING

V
e
k
s
t

- Auke medlemstalet årlig med 2%
- Auke antall grupper som har 30 eller fleire medlemmer
- Halde på eksisterande medlemmer. Spesielt dei i ungdomsskulealder
- Nystart av grupper
- Prosjekt; Leiaroppgåver, rotasjon, kontinuitet og rekruttering
- oppfordre speidare til å delta på sentrale kurs og arrangement

Auke med 30 medlemmer.

Auke frå 10 til 12 grupper med fleire enn 50 medlemmer

Auke med 30 medlemmer.

Auke frå 12 til 14 grupper med fleire enn 50 medlemmer

2 % auke – frå 1306 til 1375 medlemmar. Mål meir enn oppnådd
Grupper - meir enn 50 medlemmar 11 grupper – mot 10 sist. To grupper er svært nær.

Halde på medlemmar: Vanskeleg å måle direkte. Leiarane er vktigaste ressurs – kretsen starta leiarprosjekt. Kretsen har arrangert Blikshavnleir og patruljeførarkurs. Rettleiarar og assistentar på PF-kurs kan medverke til å halde på medlemmar.

Kretsen har ikkje arbeidd med nystart.

Kretsen har støtta deltaking på sentrale kurs.

L
e
i
a
r
a
r

- Auke antall aktive leiarar
- Leiarkurs
- Leiarsamtale
- Regelmessig kontakt med gruppene
- Leiar/rovertur til utlandet
- Leiertrening

Setje saman ein komite, reisemål og premisser for turen.

2 årlege leiarsamlingar

Leiarkurs saman med Bjørgvin og Rogaland

2 årlege leiarsamlingar.

Leiarkurs saman med Bjørgvin og Rogaland

Leiarprosjekt – roller og rekruttering

Ikkje leiarkurs i 2015.

Ikkje jobba aktivt med leiarsamtalen

Ringt om lag 70 % av gruppene.

Invitert til leiarsamlingar.

Mange aktive roverar/unge leiarar på patruljeførarkurs og Blikshavnleir Drøfta, men ikkje gjennomført leiar/rovertur til utlandet.

Gjennomført to leiarsamlingar

Starta opp leiarprosjekt: Leiaroppgåver: Rollefordeling, rotasjon og rekruttering "Kven skal bære ved til bålet"

O
p
p
l
e
v
e
l
s
e

- Arrangere gode arrangement for alle aldersgrupper

Blikshavnleir

PF- kurs NORD

PF-kurs SØR

Fleire egne roverarrangement.
Samling for speidarar i ungdomsskulealder

Blikshavnleir

PF- kurs NORD

PF-kurs SØR

Fleire egne roverarrangement.
Samling for speidarar i ungdomsskulealder

Kretsleir 2016

Gjennomført Blikshavnleir med 390 deltakarar

Gjennomført PF-kurs oppdrag (vår) med 50 deltakarar og oppdrag (haust) med 50 deltakarar

Ikkje eigen samling for speidarar i ungdomsskulealder

Oppnemnt komité for kretsleir 2016

S
y
n
l
i
g
h
e
t

- Vera synlege i media. Både for speidar, leiarar og foreldre.
- God heimeside, facebook- side osv.
- God informasjonsflyt mellom krets og gruppeleddet.

Arbeide med å lage ny og bedre heimeside for kretsen.

Oppdatere heimeside og facebook med nyheter

Oppdatere heimeside og facebook med nyheter

Lokale medieoppslag, kretsen har framleis ei oppgåve å gjere.

Vurdert alternativ for heimeside – sjå sak til arbeidsplan

Facebookside oppdatert og informasjonskanal

Utsendingar til gruppene gjennom e-post



KRISTEN
TRO



FELLESSKAP



PERSONLIG
UTVIKLING



FRILUFTSLIV



SAMFUNNS-
ENGASJEMENT

2.8 Medlemsutvikling

MEDLEMSSTATISTIKK

HAUGALAND KRETS AV NORGES KFUK-KFUM-SPEIDERE


Fylke	Gruppe	Speidere						Ledere, assistenter, voksne			Under 26 år	Sum 2015	Sum 2014	+/-
		FAM	OF	ST	VT	RL	SUM	Vok/Ass	Led	SUM				
R	Avaldsnes 1			9	4		13			0	13	13	26	-13
R	2.Avaldsnes			17	8	1	26		3	3	27	29	38	-9
R	Bokn		5	20	37	13	75	8	11	19	75	94	102	-8
H	Bremnes		15	10	5		30	2	10	12	30	42	41	1
H	Etne		12	3	42	1	58	6	7	13	59	71	66	5
R	Førre		30	20	29	5	84	2	9	11	85	95	105	-10
H	Halsnøy		8	3	5		16	5	3	8	16	24	24	0
R	Haugesund 1		8	10	16	3	37	2	9	11	37	48	34	14
R	13.Haugesund			3	8	2	13		10	10	17	23	24	-1
R	14.Haugesund	2	9	5	7	2	25	5	3	8	26	33	24	9
R	15.Haugesund		7	6	17	9	39	11	6	17	44	56	68	-12
H	Husnes		18	4	5		27		3	3	27	30	30	0
R	Kopervik		3	8	19	3	33	1	13	14	42	47	37	10
H	Leirvik		5	3			8		2	2	8	10	3	7
R	Norheim		22	19	29	7	77	5	6	11	77	88	75	13
H	Odda			9	9		18		4	4	18	22	20	2
R	1.Rossabø		3	8	18		29		8	8	31	37	32	5
R	Rossabø 1	30	19	10	24	12	95	2	6	8	83	103	82	21
H	Sagvåg		2		2		4		2	2	4	6	7	-1
R	Sand			5	12	2	19	2	8	10	20	29	42	-13
R	Skjold			24	17	12	53	3	9	12	51	65	52	13
H	Stord	7				5	12		2	2	12	14	14	0
R	Suldal			11	17	4	32	1	6	7	31	39	33	6
R	Torvastad		21	14	68	2	105	3	10	13	106	118	96	22
R	Tysværåvåg	13		5	8	4	30	1	7	8	24	38	44	-6
R	Vats		31	6	13	1	51	1	8	9	51	60	68	-8
R	Veaa		26		21	3	50	1	4	5	51	55	39	16
R	Vikebygd			21	36	1	58	10	9	19	60	77	77	0
	Sum	52	244	253	476	92	1117	71	178	249	1125	1366	1303	63

	Fylke	FAM	OF	ST	VT	RL	SUM	Vok/Ass	Led	SUM	< 26 år	2015	2014	+/-
R	Rogaland	45	184	221	408	86	944	58	145	203	951	1147	1098	49
H	Hordaland	7	60	32	68	6	173	13	33	46	174	219	205	14

Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidere

Medlemsutvikling

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Hare/oppdager	48	55	48	48	231	192	219	288	272	282	308	225	244
Meis/ulv/stifinner	444	474	479	465	334	276	292	306	265	272	269	287	253
Speider/vandrør	631	600	626	651	467	494	470	412	407	414	364	401	476
Rover	55	88	68	66	92	96	104	99	105	95	90	93	92
Familie	9	12	121	164	126	115	33	29	52	56	49	49	52
Ledere/ass	284	268	298	281	253	248	234	241	243	247	233	251	249
Totalt	1 471	1 497	1 640	1 675	1 503	1 421	1 352	1 375	1 344	1 366	1 313	1 306	1 366



Sak 3: Regnskap 2015

Framlegg til vedtak:

Rekneskapen for 2015 vert godkjent.

Resultatregnskap	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Budsjett- avvik	Budsjett 2016
INNETEKTER					
Offentlig støtte Rogaland Fylke	30 590	28 600	28 000	600	0
Offentlig støtte Hordaland Fylke	28 110	34 638	25 000	9 638	25 000
Offentlig støtte andre	-	-	-	-	-
Offentlig støtte	58 700	63 238	53 000	10 238	25 000
Inntekt PF Kurs Oppdrag Nord	16 800	14 800	15 000	-200	15 000
Inntekt Blikshavnleir	138 326	135 751	120 000	15 751	110 000
Inntekt PF Kurs Oppdrag Sør	20 800	20 000	15 000	5 000	15 000
Inntekt rover	-	-	-	-	-
Inntekt leiarsamling	-	-	-	-	30 000
Inntektsført leiroverskudd	50 000	50 000	50 000	-	50 000
Inntekter	225 926	220 551	200 000	20 551	220 000
arrangementer/kurs					
Gaver	-	7 950	-	7 950	-
Leieinntekter	1 000	-	-	-	-
Kretskontingent	25 960	25 400	25 000	400	25 000
Diverse inntekter	854	1 243	-	1 243	-
Andre inntekter	27 814	34 593	25 000	9 593	25 000
Totale inntekter	312 440	318 382	278 000	40 382	270 000
KOSTNADER					
Utgifter ansatt	98 492	86 690	105 000	-18 310	105 000
Reiseutgifter kretsstyre	4 392	159	5 000	-4 841	5 000
Møteutgifter kretsstyre	4 084	1 170	4 000	-2 830	4 000
Gaver o.l.	2 579	4 908	3 000	1 908	3 000
Kontorkostnader	2 623	-	5 000	-5 000	5 000
Kostnader administrasjon	112 171	92 927	122 000	-29 073	122 000
Utgift PF Kurs Oppdrag Nord	26 384	19 537	20 000	-463	20 000
Utgift årsmøte	5 135	5 811	7 000	-1 189	7 000
Utgift Blikshavnleir	73 648	73 544	90 000	-16 456	90 000
Utgift ledersamling	22 500	11 910	10 000	1 910	50 000
Utgift PF Kurs Oppdrag Sør	11 357	10 523	10 000	523	10 000
Utgift rover	14 057	5 224	10 000	-4 777	10 000
Utgift ledererekruttering	-	28 779	30 000	-1 221	30 000
Kostnader	153 081	155 327	177 000	-21 673	217 000
arrangementer/kurs					
Utgift landsting	10 000	10 940	15 000	-4 061	15 000
Utgift Roverkongress	2 326	8 438	5 000	3 438	5 000
Utgift kretskonferanse	12 170	-	-	-	15 000
Utgifter sentrale kurs/leirer	4 268	12 518	15 000	-2 482	15 000
Kurs og representasjon	28 764	31 896	35 000	-3 105	50 000
Kostnader kretsutstyr	15 699	15 000	30 000	-15 000	30 000
Diverse utgifter	14 725	189	15 000	-14 811	15 000
Andre kostnader	30 424	15 189	45 000	-29 811	45 000
Totale kostnader	324 440	295 338	379 000	-83 662	434 000
Driftsresultat	-12 000	23 044	-101 000	124 044	-174 000
-					
Renteinntekter	50 232	37 030	46 000	-8 970	40 000
Sum finansposter	50 232	37 030	46 000	-8 970	40 000
Årets resultat	38 232	60 074	-55 000	115 074	-134 000

Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidere

Balanse	31.12.2014	31.12.2015
Eiendeler		
Andel Utsikten	1	1
Mellomregning kretsarrangementer	-	-
Utestående speidergrupper	4 500	3 250
Kortsiktige fordringer	-	10 000
Brukskonto 3243.05.04931	40 300	19 303
Høyrentekonto 3243.05.04958	1 959 743	1 856 664
Sum eiendeler	2 004 544	1 889 218
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	1 405 150	1 443 382
Årets resultat	38 232	60 074
Overskudd kretsleir	100 000	50 000
Fond nedlagte grupper	167 301	167 301
Inspirasjonsfond	100 311	90 311
Fond for utenlandsreiser	83 150	78 150
Kortsiktig gjeld	88 400	-
Periodisering kostnader	22 000	-
Sum egenkapital og gjeld	2 004 544	1 889 218
-	-	-

Haugesund, 10.01.2016
Øyvind Apeland – kasserer

Revidert og funnet i orden.

Resultat arrangementer 2015

	Inntekt	Utgift	Resultat
PF kurs Oppdrag Nord	14 800	-19 537	-4 737
Årsmøte	0	-5 811	-5 811
Blikshavnleir	135 751	-73 544	62 207
Ledersamling	0	-11 910	-11 910
PF kurs Oppdrag Sør	20 000	-10 523	9 477
Roverarrangement	0	-5 224	-5 224
Sum	170 551	-126 548	44 003

Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidere

Resultat arrangementer 2014

	Inntekt	Utgift	Resultat
PF kurs Oppdrag Nord	16 800	-26 384	-9 584
Årsmøte	0	-5 135	-5 135
Blikshavnleir	138 326	-73 648	64 678
Ledersamling	0	-22 500	-22 500
PF kurs Oppdrag Sør	20 800	-11 357	9 443
Roverarrangement	0	-14 057	-14 057
Sum	175 926	-153 081	22 845

Resultat arrangementer 2013

	Inntekt	Utgift	Resultat
PF kurs Oppdrag Nord	8 400	-12 803	-4 403
Årsmøte	0	-5 169	-5 169
Blikshavnleir	134 128	-63 838	70 290
Ledersamling	0	-11 511	-11 511
PF kurs Oppdrag Sør	13 200	-6 631	6 569
Roverarrangement	0	-3 400	-3 400
Sum	155 728	-103 352	52 376

Resultat arrangementer 2012

	Inntekt	Utgift	Resultat
PF kurs 1	10 800	-16 974	-6 174
Årsmøte	0	-6 204	-6 204
Blikshavnleir	89 379	-54 622	34 757
Ledersamling	0	-13 374	-13 374
PF kurs 2	7 500	-12 176	-4 676
Roverarrangement	0	-3 490	-3 490
Sum	107 679	-106 840	839

Resultat arrangementer 2011

	Inntekt	Utgift	Resultat
PF kurs 1	11 400	-15 268	-3 868
Årsmøte	0	-5 186	-5 186
Blikshavnleir	112 101	-69 137	42 964
Ledersamling	0	-7 924	-7 924
PF kurs 2	0	0	0
Roverarrangement	4 300	-8 550	-4 250
Sum	127 801	-106 064	21 737

Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidere

Utestående speidergrupper	31.12.2014	31.12.2015	
Aksdal	-	-	
Avaldsnes 1	400,00	150,00	Ledersamling 2015
2.Avaldsnes	-	-	
Bokn	-	-	
Bremnes	-	-	
Etne	-	3 200,00	PF-kurs Sør 2015
Fitjar	-	-	
Førre	1 700,00	-	
Halsnøy	-	-	
Haugesund 1	-	-	
13.Haugesund	-	-	
14.Haugesund	800,00	800,00	PF-kurs Nord 15
15.Haugesund	-	-	
Husnes	-	-	
Kopervik	-	-	
Leirvik	-	-	
Norheim	-	-	
Odda	-	-	
1.Rossabø	-	-	
Rossabø 1	-	-	
Sagvåg	-	-	
Sand	-	-	
Skjold	-	-	
Skåre	-	-	
Stegaberg	-	-	
Stord	-	-	
Suldal	-	-	
Torvastad	-	-	
Tysværvåg	400,00	400,00	PF-kurs 2014
Vats	-	300,00	Ledersamling 2015
Vea	-	-1 600,00	Forskudd PF-kurs Nord 15 - ikl
Vikebygd	1 200,00	-	
Sum 1500	4 500,00	3 250,00	-

Sak 4: Forslag til strategi og handlingsplan 2016 - 2017

Framlegg til vedtak:

Strategi- og handlingsplanen vert vedteken med dei tillegg som kom fram i møtet.



STRATEGI OG HANDLINGSPLAN 2014-2019



MÅL

2016

2017

KRETS

GRUPPER

V
e
k
s
t

- Auke medlemstalet årleg med 2%
- Auke talet grupper som har 50 eller fleire medlemmar
- Halde på eksisterande medlemmar.

Auke med 30 medlemmer.

Auke med to grupper over 50 medlemmar (frå 11 til 13 grupper).

Auke med 30 medlemmer.

Auke med to grupper over 50 medlemmar (frå 13 til 15 grupper).

Gode kretsarrangement

Oppgåver til mange på arrangement og kurs

Alternativ 1: Vidareføre leiarprosjektet

Alternativ 2: Arbeide aktivt med nystart, gjennom tilsett person

Gi oppdagarar, stifinnarar, vandrarar, roverar og leiarar gode utfordringar og oppgåver i den alderen dei tilhøyre. Spesielt viktig er dette i overgangane mellom dei forskjellige alderstrinna.

L
e
i
a
r
a
r

- Auke talet aktive leiarar
- Leiarkurs
- Leiarsamtale
- Regelmessig kontakt med gruppene
- Leiartrening

2 årlege leiarsamlingar

Arrangere leiarkurs "Program" med Bjørgvin og Rogaland hausten 2016

2 årlege leiarsamlingar.

Arrangere leiarkurs "Ledelse" med Bjørgvin og Rogaland hausten 2017

Motivere roverar og leiarar til å delta på leiarkurs.

Gjennomføre leiarsamtalar for dei som det ikkje er naturleg for å gjera i gruppa.

Ha kontakt med alle gruppene i kretsen årleg

Aktivt bruke unge roverar og leiarar i stab på kurs og leirar

Leiarsamlingar

Motivere roverar og leiarar til å delta på leiarkurs.

Gjennomføre leiarsamtale med alle nye leiarar.

Aktivt bruke unge roverar og leiarar på møter, turar og leirar. Gje dei oppgåver og mestringsfølelse.

O
p
p
l
e
v
e
l
s
e

- Arrangere gode arrangementer for alle aldersgrupper

Blikshavnleir
Kretsleir
PF- kurs NORD
PF-kurs SØR
Fleire egne roverarrangement

Blikshavnleir
PF- kurs NORD
PF-kurs SØR
Fleire egne roverarrangement

Bestille leirplass. Finne grupper som er med i hovedkomiteen. Informasjon.

Finne og bestille kurssted. Finne kursstab. Hjelp kursstaben med gjennomføringa av kursa.

Delta på leiren. La barn og vaksne få ein god leiropplevelse

Motivere gutar og jenter til å reise på kurs og andre speidarsamlingar.

Delta på landsleiren i Asker. La dette bli sommarens oppleving for vandrarene.

Invitere nabogrupper til fellesarrangement.

Fleire overnattingar ute.

S
y
n
l
i
g
h
e
t

- Vera synlege i media. Både for speidar, leiarar og foreldre.
- God heimeside, facebook- side osv.
- God informasjonsflyt mellom krets og gruppeleddet.

Lage ny og bedre heimeside for kretsen.

Oppdatere heimeside og facebook med nyheter

Oppdatere heimeside og facebook med nyheter

Bevist bruke media ved kretsarrangement. Sende pressemeldinger. Invitere journalister.

Ha minst eitt oppslag i lokalavisa frå eit speidararrangement.

Ha ei god heimeside/facebook side for grupper.

Arrangement opent for alle



KRISTEN
TRO



FELLESSKAP



PERSONLIG
UTVIKLING



FRILUFTSLIV



SAMFUNNS-
ENGASJEMENT

Diskusjon 1: Leiarutvikling, medlemsvekst og nystart

Gruppearbeid – medlemsutvikling

Medlemsutvikling heng saman med leiarar og leiarrekruttering. I 2015 har kretsstyret gjennomført leiarprosjektet:

”Hvem skal bære ved til bålet?”, om lederoppgaver, kontinuitet, rotasjon og rekruttering. Prosjektet har hatt to møter i 2015.

Spørsmål 1: Skal dette prosjektet halde fram?

Eventuelle endringar?

- Arrangere fleire plassar ? Kor?
- Andre forhold?

Spørsmål 2:

Er det tid for å sjå på nystart i kretsen – fleire plassar manglar speidararbeid.

Dette er eit tiltak som krev mykje tid og innsats. Det er sannsynleg at det vil vere best å bruke person med lønn. Kretssekretæren har ikkje høve til å utvide stillinga. Skal vi engasjere nokon som kan arbeide med dette? Eventuelt i samarbeid med forbundet eller nabokretsar?

Spørsmål 3:

Viss de må velje mellom Leiarprosjektet (spørsmål 1) og nystart/engasjement av tilsett til dette, kva bør kretsen velje?

Diskusjon 2:

Synlighet: Informasjon – internt og eksternt:

Kretsen sine heimesider fungerer ikkje. Både våre noverande og forbundet sine sider blir opplevd som for tunge og krevjande å oppdatere. Kretsstyret meiner vi har behov for heimesider i tillegg til informasjonen på facebook.

Kjøper vi eitt nytt grunnlag? Kva er vi villig til å betale?

Får vi nokon til å lage på frivillig basis?

Venter vi på forbundet sine nye sider? (Nye sider i vår?)

Korleis blir vi meir synlege utad?

Diskusjon 3:

Ei siste to åra har vi brukt ein del av kretsen sine pengar på leiarsamling og fått gode opplevingar inn i hausten sine leiarsamlingar. Kor mykje pengar bør vi bruke på dette? I år går vi i underskot på speidarhelga på årsmøtet også.

Har du gode idear til tema og innhald for leiarsamlinga til hausten?

Sak 5 Budsjett 2016

Kretsstyret sitt budsjettframlegg ligg som høgre kolonne i rekneskapen, sak 3.
Det er ikkje lagt inn støtte til Vigdarheim i budsjettframlegget, (sak 6.2) kretsstyret si tilråding med eventuell budsjett justering kjem seinare.

Framlegg til vedtak:

Budsjettet vert vedteke.

Sak 6 Eventuelle innkomne saker/andre saker

6.1 Reiseutjamning for grupper til Blikshavnleir

(Kretsstyret foreslår å handsame denne saka før budsjettet. Kretsstyret si tilråding er innarbeidd i budsjettframlegget)

Kretsstyret sitt framlegg til retningsliner:

Reiseutjamning for Blikshavnleir

Haugaland krets er ein stor krets og vegen til Blikshavn er lang for nokon. Gruppene som reiser lengst, og/eller har utlegg til ferje, får redusert pris etter desse retningslinene.

Reiseavstand lengre enn 120 kilometer gir reduksjon i pris/kontingent på kr 80 pr deltakar. Ferje (evt. bompengar på meir enn kr 120,- pr bil tur + retur) for å kome fram gir reduksjon i pris/kontingent på kr 50,- pr deltakar.

Personar som betaler leiarpris får halvt frådrag.

Leirkomité for Blikshavn må ta høgde for justeringa.

Korleis gjer ein det i praksis:

Prisen blir sett likt til alle. Reduksjonen blir trekt frå på rekninga til gruppa. Grupper som får reduksjon kan velje korleis dei bruker reduksjonen.

Framlegg til vedtak:

Retningslinene vert vedtekne

Sak 7: Val 2016

Kretsstyret

Kretsleiar:	Annhild Mortveit (Skjold)	ikkje på val
Visekretsleiar:	Atle Aas (Etne)	ikkje på val
Styremedlemmer:	Amalie Lepsøy Hansen (Leirvik)	ikkje på val
	Liv Tryti (Førre)	På val
	John Magne Gabrielsen (Kopervik)	På val
	Sigurd Hellesvik (Kopervik)	På val

Valgkomiteens forslag:

Styremedlemmer

Varamedlemmer:

Valgkomite

Lillian Frette Litlehamar (erstatta av Øyvind Valen (Vikebygd), då ho vart leirsjef) (på val)

Gunnar Tveit (Tysværåag)	På val
Agnes Sesilia Andersen (Skjold)	På val

2 revisorer

Einar Kalland Olsen jr (15.Haugesund)	På val
Svein Ove Alvestad (Bokn)	På val

Vedlegg til orientering:

Inspirasjonsfondet

Gjennom vedtak på årsmøtet 2005 vart det sett av 100.000 kroner til fondet. Fondet har fått disse retningslinjene vedtatt av årsmøtet 2005:

1.

Målsettingen for fondet er at det skal benyttes av speiderledere i kretsen som har vært aktive gjennom flere år, og som nå vil reise på studietur eller inspirasjonstur til nytte i speidersammenheng. Det er en forutsetning at stipendmottaker er aktiv som leder i gruppe eller krets, og at det er sannsynlig at han/hun vil være aktiv også de neste årene.

2.

Kretsstyret deler ut stipend etter søknad. Søknadsfrist er 1.mars hvert år, men det kan søkes senere på året dersom stipend ikke er delt ut.. Det kan deles ut et eller to stipend i året. Stipendstørrelsen skal maksimalt være 10.000 kroner og dekke inntil halvparten av totalkostnaden.

3.

Stipendmottakerene skal forplikte seg til å skrive en rapport etter turen og i tillegg formidle inntrykk etter turen til speidere eller speiderledere. Det blir på forhånd avklart hvordan dette skal gjøres.

4.

Regnskap for fondet skal føres av regnskapsføreren til kretsen. Det skal hvert år beregnes hvor stor del av rentene av kapitalen i kretsen som skal legges til fondet. Regnskapet skal fremlegges for årsmøtet.

Fond for reiser til speiderarrangement i utlandet

Gjennom vedtak på årsmøtet 2010 vart det sett av 100.000 kroner til fondet. Fondet har fått disse retningslinjene vedtatt av årsmøtet 2010:

1.
Målsettinga for fondet er at det skal nyttast av speidargrupper i kretsen som skal reise på utanlandstur i speidarsamanheng. Stipendet kan nyttast til å dekkje reisekostnader og/eller deltakaravgift. Stipendet skal godkjennast på førehand. Det skal og søkjast på førehand av eit arrangement.
2.
Kretsstyret deler ut stipend etter søknad. Søknadsfrist er 1.mars kvart år, men det kan søkjast seinere på året dersom stipend ikkje er delt ut.. Stipendstorleiken skal maksimalt være 10.000 kroner pr år og dekke inntil halvparten av totalkostnaden.
3.
Stipendmottakerane pliktar å skrive ein rapport etter turen og formidle inntrykk etter turen til speiderar eller speiderleierar. Det vert på førehand avklara korleis dette skal gjerast.
4.
Rekneskap for fondet skal førast av rekneskapsføraren til kretsen. Det skal kvart år bereknast kor stor del av rentene av kapitalen i kretsen som skal leggjast til fondet. Rekneskapet skal leggjast fram for årsmøtet.

Vedlegg: Norges KFUK-KFUM- speidere - ORGANISASJONSBESTEMMELSER

Med endringer vedteke 18.04.15

§ 2 KRETS

Norges KFUK-KFUM-speidere er delt inn i kretser som opprettes av landsstyret. Kretsens oppgave er å legge til rette for et godt speider- og ledermiljø og å virke for at KFUK-KFUM - speiderarbeidet skal bli kjent og tatt opp på nye steder.

Ved endring av kretsgrenser avgjør landsstyret fordeling av eiendeler, etter samråd med kretsene.

§ 2.1 KRETSTING

Kretsens besluttende organ er kretsting.

§ 2.1.1 MØTE, TALE, FORSLAGS- OG STEMMERETT

Alle medlemmer kan velges som gruppens representanter.

Kretsting består av representanter for gruppene etter nærmere fastsatt nøkkel. Med mindre kretsting bestemmer noe annet, har gruppene 1 representant pr. påbegynt 10 medlemmer i tillegg til gruppeleder.

På kretsting har følgende møte-, tale-, forslags- og stemmerett:

- Gruppeledere.
- Valgte representanter fra gruppene.
- Kretsleder, visekretsleder og faste styremedlemmer.
- To Rover-representanter, valgt av kretsens roverting.
- To patruljeførerrepresentanter, valgt av kretsens patruljeførerting.

Følgende har møte-, tale- og forslagsrett:

- Ansatte i kretsen.
- Medlemmer i faste komiteer.

Alle medlemmer i kretsen kan møte som observatører.

§ 2.1.2 KRETSTING BEHANDLER

Kretstingets årsmøte skal behandle følgende saker:

- Årsmelding og revidert regnskap.
- Fastsetting av kretskontingent.
- Arbeidsplan og budsjett for kommende år.
- Valg av kretsleder, eventuelt visekretsleder, styremedlemmer og eventuelt varamedlemmer
- Valg av representanter til landsting.
- Valg av valgkomité.
- Valg av revisor. Revisor skal være myndig.
- Endringer i kretsens lovverk/retningslinjer herunder representasjonsregler til kretsting.
- Innsendte saker.

§ 2.1.3 ANDRE BESTEMMELSER OM KRETSTING

Kretsting ledes av kretsleder eller ordstyrer valgt av kretsting.

Vedtak fattes med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet avgjør kretsleders dobbeltstemme. Det skal være hemmelig avstemming når minst én person ønsker det.

Kretstingets årsmøte avholdes før 15. mars hvert år.

Kretsting kan for øvrig sammenkalles av kretsstyret eller ved at 1/3 av kretsens grupper forlanger det.

Kretstingets protokoll sendes alle grupper i kretsen og forbundets sentralledd.

Kretsting kan vedta supplerende bestemmelser til organisasjonsbestemmelsene som gjelder kretsen. Slike bestemmelser skal godkjennes av landsstyret.

§ 2.2 KRETSSTYRET

Kretsstyret leder kretsens arbeid mellom årsmøtene

Kretsstyret består av

- Kretsleder.
- Ingen, en eller to visekretsledere. Antallet bestemmes av kretstinget.
- To eller flere styremedlemmer. Antallet bestemmes av kretstinget.

Kretsstyret skal ha minst ett medlem under 26 år.

Kretstinget avgjør om hele styret skal velges for to år, eller om halvparten av styret er på valg hvert år. Dersom kretstinget ønsker det, kan det velges varamedlemmer til styret for ett år om gangen.

På møter i kretsstyret møter leder av kretsens roverombud med tale-, forslags- og stemmerett. Ved forfall kan en annen representant for kretsens roverombud møte i lederens sted. Dersom det ikke finnes noen fungerende roverombud i kretsen, møter kretsens roverkontakt.

Dersom kretsen har en egen arrangementskomité eller tilsvarende, uavhengig av kretsstyret, og denne komiteen er valgt av kretsting, kan kretsting vedta at en representant fra denne komiteen deltar i kretsstyret med fulle rettigheter.

§ 2.2.1 KRETSSTYRETS OPPGAVER

- Lede kretsens arbeid i overensstemmelse med Norges KFUK-KFUM-speideres grunnregler og organisasjonsbestemmelser.
- Iverksette de tiltak eller videreføre de saker som har vært behandlet på årsmøte.
- Ivareta kretsens løpende kontakt med forbundets sentralledd.
- Holde seg orientert om arbeidet i gruppene og gi lederne støtte, råd og oppmuntring.
- Påse at gruppenes regnskap blir revidert.
- Ta initiativ til felles tiltak for kretsens grupper og enheter så som kretsleir, ledersamvær etc.
- Arbeide for medlemsvekst i kretsen.
- Sette i verk landsting/kretstings vedtak vedrørende kretsen.
- Forvalte midler og eiendeler fra nedlagte grupper i samråd med landsstyret.
- Påse at det blir ført særskilt protokoll for kretsstyret og kretsting.
- Påse at det blir ført regnskap over kretsens eiendeler, gjeld, inntekter og utgifter. Regnskapet skal følge kalenderåret og skal avsluttes senest 3 måneder etter årets utgang. Kretsleder plikter å se til at regnskap og bilag oppbevares i 10 år etter utgangen av

regnskapsåret.

§ 2.3 KRETSLEDER

- Leder kretsstyrets arbeid.
- Representerer kretsen utad.
- Leder kretsens arbeid mellom kretsstyremøtene.
- Anbefaler godkjenning av nye ledere og sender søknadene videre til forbundskontoret.

I kretsleders fravær fungerer visekretsleder i kretsleders sted.

ARRANGEMENT I HAUGALAND KRETS 2016

- 5. – 7. februar 2016 – Speidarhelg med kurs og mykje sosialt for rover og leiar på Brandøy
- Søndag 7. februar 2016 – **KRETSTING** på Brandøy
- 11. – 13. mars PF-kurs Oppdrag Nord, Fredtun
- (27) 28. – 29. mai BLIKSHAVNLEIREN
- 25. juni – 1. juli KRETSLEIR i Nedstrand
- 23. – 25. september PF-kurs Oppdrag Sør, Stord
- Fredag 4. november – Leiarsamling
- Blikshavn 2017 19.- 21. mai

